



Arkivnr: 2014/23709-33

Saksbehandlar: Gunhild Raddum

Saksframlegg**Saksgang**

Utvil	Saknr.	Møtedato
Utvil for miljø og samferdsel		06.09.2016
Fylkesutvalet		21.09.2016

**Tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar.
Søknad frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om midlar for 2017.****Samandrag**

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har motteke brev frå Statens vegvesen Region vest datert 17.03.16 angåande *Tilskudd til tiltak for økt sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner – invitasjon til å søke om midler for 2017*.

Hordaland fylkeskommune har utforma ein felles søknad saman med Bergen kommune. For Bergen er det samla søkt om 5,15 mill. kroner i tilskot fordelt på 4 ulike tiltak, med ein kommunal eigendel på inntil 5,15 mill. kroner. Hordaland fylkeskommune søker om 7,75 mill. kroner støtte til 3 prosjekt på fylkesveg utanfor Bergen med ein eigendel på 7,75 mill. kroner. Eigendelen vert finansiert over fylkesvegbudsjetten. I tillegg vert det søkt om sykkelparkering ved fire vidaregåande skoler i Hordaland med ein eigendel på kr 320000,-. Det føreligg politisk vedtak om finansiering av denne eigendelen i samband med handsaminga av *Klimaplan for Hordaland – handlingsprogram for 2016*.

For ein samla presentasjon av alle dei fysiske tiltak knytt til auka sykkelbruk som er i prosess blir det vist til dei årlege plan- og byggeprogramma. Det blir difor gjort merksam på at dei tiltaka som er ein del av denne søknaden er berre ein del av den samla innsatsen knytt til auka sykkelbruk i fylket.

Søknadsfristen er 1. september 2016. Statens vegvesen er orientert om at Hordaland fylkeskommune må ettersenda vedtak om forpliktingar i høve til eigendelen i etterkant av fylkesutvalsmøtet 22. september 2016 grunna i avlysing av møtet i Miljø og samferdselsutvalet 11. august.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknadane frå Hordaland fylkeskommune saman med Bergen kommune til tiltak innanfor ordninga om tilskot til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar.
2. Etter at tildeling av midlar er avgjort av Statens vegvesen Region vest vil fylkesutvalet innarbeida naudsynt eigendel på inntil 7.75 mill. kroner i fylkesvegbudsjetten for 2017.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

1. Bakgrunn

I samband med Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett i 2014 vart det oppretta ei tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Samferdselsdepartementet har gitt Statens vegvesen Region vest i oppdrag å administrera ordninga.

Den endeleg ramme for midlar til tilskotsordninga vert først kjent når statsbudsjettet vert vedteke i haust.

Invitasjonsbrevet gjer det klart at kommunar og fylkeskommunar som har inngått ein forpliktande avtale om auka sykkelsatsing vert prioritert i høve til tildeling av midlar. I Hordaland har fylkeskommunen og Statens vegvesen inngått sykkelby-avtaler med Bergen kommune og Stord kommune.

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har valt å utforma ein felles søknad då partane samarbeider tett om sykkelsatsing gjennom Bergensprogrammet. Hordaland fylkeskommune har koordineringsansvaret for søknadene.

2. Prosjekta det vert søkt om

Det er knytt ulike vilkår til søknadsprosessen, mellom anna skal prosjekt det vert søkt om tilskot til ha vedteke reguleringsplan på søknadstidspunktet og kunna ferdigstilla i løpet av 2017. Dette avgrensar moglegheitene til å søkje tilskot til dei største strekningsvise sykkeltiltaka som det er pågåande planprosesser knytt til.

I samråd med Bergen kommune har Hordaland fylkeskommune søkt om tilskot til følgjande tiltak, med søknadsbeløp:

På kommunal veg i Bergen:

Etablering av g/s-veg frå Osvegen til Slåtthaug idrettspark, Bergen	3,5 mill. kr.
---	---------------

Etablering av g/s-veg i prosjektet «Snarvegar til Bybanen» med følgande prosjekt:	
Råstølen 1	0,5 mill. kr.
Råstølen 2	0,5 mill. kr.
Råstølen 12	0,65 mill. kr

På fylkesveg utafor Bergen:

Etablering av g/s-anlegg Skrivarvegen, Stord	2,75 mill. kr.
Etablering av g/s-anlegg Rometveitvegen, Stord	3,5 mill. kr.
Utbetring av eksisterande g/s-veg Gjernesvegen, Voss	1,5 mill. kr

I tillegg vert det søkt om trygg og sikker sykkelparkering ved følgjande fire vidaregåande skoler i Hordaland:

- Fyllingsdalen vidaregåande skole
- Årstad vidaregåande skole
- Fitjar vidaregåande skole
- Kvinnherad vidaregåande skole

I 2015 vart Hordaland fylkeskommune/Bergen tildelt eit samla tilskot på 11,2 mill kr fordelt på ulike tiltak, mellom anna sykkelparkering ved 4 bussterminalar. I 2016 var tildelinga på 10,2 mill kr totalt for Hordaland fylkeskommune/Bergen kommune. Tiltak som fekk tildelt midlar var mellom anna utbetringar på hovudsykkelrutar i Bergen kommune, samt etablere gang-sykkelveg ved fylkeskommunale vegar på Stord. I tillegg sökte Bømlo kommune og Voss kommune om tilskot, og dei fekk til saman tildelt 10,7 mill kr.

3. Finansiering

Invitasjonsbrevet set krav om 50% eigendel for alle tiltaka det vert søkt om. For dei ulike prosjekta i Bergen er det skissert samla kostnader på 10,3 mill. kroner, og det er søkt om 5,15 mill. kroner i tilskot. Eigendelen vert dekka av Bergen kommune. For prosjekta knytt til fylkesveg utanfor Bergen kommune er samla kostnad for prosjekta 15,5 mill. kroner, der det er søkt om 7,75 mill. kroner i støtte. Eigendelen vert finansiert over fylkesvegbudsjettet.

Det vert lagt opp til at fylkesutvalet vil innarbeida naudsynt eigendel i fylkesvegbudsjettet for 2017 – etter at tildeling av midlar er avgjort av Region vest.

Etablering av sykkelparkering ved fire vidaregåande skoler har ein total kostnad på kr 640 000,-. Eigendelen på kr 320 000,- er dekka inn etter vedtak i Fylkestinget i desember 2015 under handsaminga av *Klimaplan for Hordaland -handlingsprogrammet for 2016*.

4. Rådmannen si tilråding

I invitasjonsbrevet heiter det at føremålet med tilskotsordninga er å *bidra til raskare gjennomføring av tiltak.... gjennom å stimulera kommunar og fylkeskommunar til å prioritere tiltak for auka sykkelbruk*. Etter fylkesrådmannen sitt syn vil prosjekta det er søkt om midlar til vera eit viktig bidrag til å gjøre sykkeltilbodet i fylket tryggare og meir attraktivt for brukarane og såleis vere med på å oppnå målet om auka sykkelbruk. Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet godkjenner søknaden.

For ein samla presentasjon av alle dei fysiske tiltak knytt til auka sykkelbruk som er i prosess blir det vist til dei årlege plan- og byggeprogramma. Fylkesrådmannen har merka seg at dei tiltaka som er ein del av denne søknaden berre ein del av den samla innsatsen knytt til auka sykkelbruk i fylket og vil kome attende med ein meir samla oversikt..